




Arbeidstilsynet | Årsrapport 2008

For eit
godt **arbeidsliv**





INNHALD

- 04 INNSATSEN TIL ARBEIDSTILSYNET GJEV RESULTAT
- 05 ARBEIDSTILSYNET MED FLEIRE REAKSJONAR
- 06 MANGELFULL INFORMASJON OM FARLEGE KJEMIKALIUM
- 07 HARDE FAKTA OM ARBEIDSRELATERT SJKDOM
- 10 MANGE SPØRSMÅL OM ARBEIDSMILJØ
- 11 MØT EIN INSPEKTØR
- 14 VELLYKKA HALDNINGSUNDERSØKING OM ARBEIDSINNVANDRING
- 16 NY ID-KORTORDNING I BYGG OG ANLEGG
- 18 SERVICESENTERET FOR UTANLANDSKE ARBEIDSTAKARAR
- 22 RUTINAR FOR OPPFØLGING AV SJKMELDE
- 24 UNGE ARBEIDSTAKARAR OFTARE UTSETTE FOR ARBEIDSULYKKER
- 26 BOT PÅ EIN MILLION KRONER FOR BRUK AV OVERTID
- 28 DYSTRE TAL PÅ ARBEIDSSKADE-DØDSFALL I 2008
- 30 STATISTIKK OG TABELLAR
- 34 OM ARBEIDSTILSYNET
- 34 INFORMASJON OG RETTLEIING



« Arbeidstilsynet arbeider for eit godt arbeidsliv. Gjennom tilsyn og rettleiing skal vi sjå til at vedtaka i arbeidsmiljøloven blir følgde opp

Innsatsen til Arbeidstilsynet gjev resultat

I 2008 har Arbeidstilsynet brukt meir ressursar til tilsyn og rettleiing enn nokon gong tidlegare. Vi har ført tilsyn med at verksemdene følgjer krava i arbeidsmiljøloven og rettleidd verksemder. Slik har vi medverka til at arbeidstakarar skal ha ein helsefremmande og meiningsfylt arbeidssituasjon, der dei er trygge mot fysiske og psykiske skadeverknader. Dei mange mediesakene om brot på arbeidsmiljøloven syner kor viktig samfunnsrolla til Arbeidstilsynet er. Denne årsrapporten viser eit utsnitt av område som vi har arbeidd med i 2008 og viser mange gode resultat som vi har oppnådd i 2008. Inspektørane våre deler erfaringar frå sine arbeidsområde, og fortel litt om korleis dei jobbar ute i felten.

Arbeidstilsynet arbeider for eit godt arbeidsliv. Gjennom tilsyn og rettleiing skal vi sjå til at vedtaka i arbeidsmiljøloven blir følgde opp. I 2008 har Arbeidstilsynet gjennomført 25 prosent fleire tilsyn enn i året før. Reaksjonsprosenten er også gått opp. Vi trur dette er eit resultat av auka kunnskap om risikoforhold som gjer at vi i større grad kan rette innsatsen mot dei områda og bransjane der behovet er størst. Vi har også hatt ein auke i talet på stansingar og politimeldingar.

Arbeidstilsynet har i 2008 lykkast med ei brei mobilisering mot sosial dumping. ID-kort-ordninga er innført. Gjennom godt samarbeid med andre er det etablert gode kontrolltiltak, og ordninga er blitt godt kjend. Vi har også sett problemstillinga på dagsordenen med ei haldningsundersøking om sosial dumping. Denne har fått brei omtale i media.

I 2008 har Arbeidstilsynet styrkt innsatsen for betre tilrettelegging og oppfølging av sjukemelde og arbeidstakarar med redusert arbeidsevne. Eitt av fem tilsyn i 2008 var knytt til denne satsinga. Som eit resultat av dette har Arbeidstilsynet registrert at dei krava som blir stilte til bedriftene, faktisk blir følgde opp. Staten har medverka til å auke kompetansen og kunnskapen hos verksemder og tilsette om oppfølging av intensjonen i IA-avtalen, då særleg kravet i arbeidsmiljøloven om tilrettelegging og oppfølging av sjukemelde. Den samla erfaringa så langt er at det er stort behov for å leggje vekt på verksemdene sitt arbeid med å førebyggje sjukdom.

Det er stor etterspørsel etter informasjon frå Arbeidstilsynet. Nettstaden arbeidstilsynet.no har hatt 1,5 millionar besøk. Svartenesta til Arbeidstilsynet har svart på nærmare 100 000 forespurnader per telefon og e-post i 2008.



Ingrid Finboe Svendsen

Direktør
Ingrid Finboe Svendsen

Arbeidstilsynet med fleire reaksjonar

Dei mange tilsyna frå Arbeidstilsynet i 2008 gav fleire reaksjonar enn året før. Auken er på heile 52 prosent samanlikna med 2007. I alt vart det gitt 23 121 reaksjonar i fjor samanlikna med 15 194 reaksjonar i 2007.

Direktør Ingrid Finboe Svendsen forklarar auken med at etaten har prioritert tilsyn i dei bransjane der vi meiner behovet er størst.

– Auken skuldast i hovudsak meir målretta tilsynsarbeid. Statens Arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) og Nasjonal overvaking av arbeidsmiljø og -helse (NOA) er viktige samarbeidspartnarar som har gjort oss i stand til å velje dei rette verksemdene å kontrollere, seier direktør Ingrid Finboe Svendsen. Her har Arbeidstilsynet fått utvida kunnskap om tilhøve i arbeidslivet det er viktig å sjå nærare på.

8456 tilsyn i 2008 gav minst ein reaksjon. Vanlegvis skjer det i form av pålegg, stansing eller tvangsmulkt. I 2008 gav 62 prosent av tilsynsbesøka reaksjonar, medan det i 2004 vart gitt reaksjon i 44 prosent av tilsyna.

Byggje- og anleggsbransjen har hatt flest tilsyn, tett følgd av varehandelen. Over halvparten av alle tilsyna er gjennomførte i verksemder i dei to bransjane.

Hovudmålet til Arbeidstilsynet er å hjelpe til med å førebyggje arbeidsrelatert sjukdom og skade. Gjennom arbeidsmiljølova skal etaten sikre at arbeidstakarar har eit sikkert og inkluderande arbeidsmiljø med trygge tilsetningstilhøve, og ein meiningsfylt arbeidssituasjon for den einskilde. Ved å arbeide for å nå desse måla, spelar etaten ei viktig rolle i arbeidet til styresmaktene med å motverke sjukdom, fråfall og utstøytning frå arbeidslivet.



Auken skuldast i hovudsak meir målretta tilsynsarbeid



Mangelfull informasjon om farlege kjemikalium

Dei som arbeider med helsefarlege kjemikalium, får ikkje nødvendig informasjon om helsefaren dei blir utsette for. Det viste ein landsomfattande tilsynsaksjon i 251 verksemder i byggje- og anleggsbransjen.



Byggje- og anleggsbransjen er ein stor forbrukar av kjemikalium som kan gje luftvegslidingar, hudlidingar, allergi, etseskadar og kreft. I tillegg arbeider mange utanlandske arbeidstakarar i denne bransjen. Denne gruppa har eit spesielt behov for informasjon på eit språk dei forstår.

Resultata frå tilsynsaksjonen viste at nesten 60 prosent av verksemdene mangla sikkerhetsdatablad for farlege kjemikalium på arbeidsplassen. Like mange hadde ingen rutinar for opplæring om farane ved kjemikalia arbeidstakarane jobbar med. Ein tilsvarande aksjon blei gjennomført i 1999, og aksjonen i år viste dessverre lite betring sidan den gongen.

MANGLAR OPPLÆRING

Arbeidsgjevarane skal gje arbeidstakarane opplæring i bruk av sikkerhetsdatablad. Dei skal vite kvar dei finn sikkerhetsdatablada, og korleis dei skal gjere seg nytte av informasjonen som står i dei. Det er også eit krav at denne informasjonen finst på eit språk som arbeidstakaren forstår.

I over halvparten av dei verksemdene som fekk besøk, jobba det utanlandske arbeidstakarar. I 60 prosent av desse verksemdene mangla dei tilsette skriftleg informasjon på eit språk dei forstod. Aksjonen viser at arbeidsgjevarane ikkje har teke på alvor den nye utfordringa i bransjen – at stadig fleire arbeidstakarar ikkje snakkar eller les norsk.

MANGLAR MERKING OG SIKKERHEITSDATABLAD

Under aksjonen blei det totalt sjekka 700 kjemikalium. Av desse mangla 16 prosent norsk merking. Dette er eit dårlegare resultat enn i 1999 då 12 prosent ikkje var merka på norsk. Halvparten av kjemikalia som blei sjekka, mangla sikkerhetsdatablad på norsk. Her var det likevel ei betring frå aksjonen i 1999 då talet var 75 prosent.

I 40 prosent av dei besøkte verksemdene hadde ikkje dei tilsette tilgang til sikkerhetsdatablada. Dette tilsvarer resultatata frå aksjonen i 1999.

KVALITETEN PÅ MERKEETIKETTAR OG SIKKERHEITSDATABLAD

Etter aksjonen har Arbeidstilsynet følgd opp dårlege sikkerhetsdatablad og merkeetikettar overfor utvalde produsentar og importørar, blant anna i form av marknadskontrolltilsyn.

Kvaliteten på sikkerhetsdatablad og merkeetikettar på kjemikalium som blir nytta innan byggje- og anleggsbransjen, varierer. Typiske svake punkt ved merkeetikettane var at dei var vanskelege å lese og lite brukarvennlege, hyppig bruk av fleirspråksetikettar og at dei mangla opplysning om innhaldsstoff og R/S-setningar.

Manglar som gjekk igjen i sikkerhetsdatablada, var ufullstendig opplysning om innhaldsstoff, administrative normer og spesifisering av personleg verneutstyr. Dårleg og lite brukarvennleg språk prega også mange av sikkerhetsdatablada. I ein del tilfelle var det ikkje samsvar mellom informasjonen på sikkerhetsdatabladet og merkeetiketten.



Harde fakta om arbeidsrelatert sjukdom

Eit stort tal arbeidstakarar unngår sjukdom fordi legen har meldt frå til Arbeidstilsynet.

Ein av intensjonane bak arbeidsmiljøloven er at ingen skal bli sjuke på grunn av jobben. Arbeidsgjevaren skal sørge for sunne arbeidstilhøve, og arbeidstakaren skal hjelpe til med dette. Når ein arbeidstakar likevel blir påført sjukdom gjennom arbeidet, er det nødvendig å ta tak i dette tilfellet, slik at andre ikkje blir ramma av den same sjukdommen og av same årsak. Derfor krev arbeidsmiljøloven at legar skal melde frå til Arbeidstilsynet om sjukdom som dei meiner skriv seg frå arbeidsforholda til pasienten.

Arbeidsrelatert sjukdom skal og kan førebyggjast, og meldingane frå legane gjev svært viktig informasjon til Arbeidstilsynet. Eksempla på dette er mange.

IA-BEDRIFT MED UTBREND MEDARBEIDAR

Arbeidstilsynet fekk melding om ei kvinne tilsett i offentlig verksemd som hadde arbeidd under høgt tempo, med for stor arbeidsmengd og ansvar over lang tid. I tillegg var legen kjend med stor utskifting av personale på arbeidsplassen.

Arbeidstilsynet bestemte seg for å gjennomføre eit generelt tilsyn med spesiell fokus på førebygging og oppfølging av sjukefråvær. Tilsynet viste at beskrivinga til legen var ei kjend problemstilling i verksemda, og at mange andre arbeidstakarar sleit med helseplager og sjukefråvær. Verksemda fekk blant anna pålegg om å gjennomføre ei spesifikk kartlegging av korleis

arbeidsmiljøet påverka arbeidstakarane si helse, i samarbeid med dei tilsette og med hjelp frå bedriftshelsetenesta. Denne meldinga blei følgd opp med eit generelt tilsyn. Tiltaka som no blir sette i verk i kjølvatnet av besøket til Arbeidstilsynet, kjem alle arbeidstakarane i denne verksemda til gode.

VISSTE DU AT:

Ca. 30 prosent av arbeidstakarar føler seg fysisk utmatta minst ein gong i veka, mens 42 prosent jobbar i høgt tempo dagleg. (Kjelde: SSB, LKU, 2006)

UKJEND STØYFARE FRAM I LYSET

Arbeidstilsynet i Oslo fekk ei melding om støyskadd høyrsele frå bedriftshelsetenesta i ein større TV-kanal. Ein tilsett hadde vore utsett for plutslege smell i øyrefelefonar (headset) ved redigeringsarbeid, noko som fleire gonger førte til øyresus etterpå. Han hadde ikkje vore utsett for støy i særleg grad elles. Konklusjonen blei at høyrselsskaden mest truleg skreiv seg frå smell frå arbeidsutstyret.

VISSTE DU AT:

Støy kan føre til varig høyrselestap, og ofte også øyresus. I gjennomsnitt dreier 60 prosent av legane sine meldingar til Arbeidstilsynet seg om støyskadar. (Kjelde: Register for arbeidsrelatert sjukdom, Arbeidstilsynet.) Viss støyen er så sterk at det krev rutinemessig høyrselekontroll, må bedrifta også ha ein plan for reduksjon av støynivået til 70 dB eller lågare.

Arbeidstilsynet gjekk ut frå at slike hendingar ikkje var avgrensa til denne eine personen og varsla derfor pålegg om å vurdere risiko for helseskade hos alle som hadde tilsvarende arbeid. Risikovurderinga fann at det var ca. 400 som kunne risikere slike hendingar.

Dette kunne ein seie fordi smell var avgrensa til situasjonar med bruk av laptop, øyrefelefonar og med redigering av mange lydspor. Dette kunne føre til at maskinen «hang» og etter nokre sekund gav eit kraftig smell (over 130 dB). Dei har no gjennomført tiltak med det tekniske utstyret, oppgradert programvare og gjennomfører høyrselekontrollar. Ein vil vidare blant anna vurdere kravspesifikasjonane til teknisk utstyr og programvare.

Det er grunn til å tru at slike problem kan oppstå også hos andre med liknande oppgåver, og gjennom meldinga frå bedriftshelsetenesta i verksemda kan Arbeidstilsynet rette fokus mot denne støyfaren hos liknande verksemder.

ALLERGIAR ETTER ARBEID MED DYR

Arbeidstilsynet fekk melding som gjeld ein pasient som hadde utvikla allergi etter arbeid i dyrestall. Allergiar som utviklar seg i samband med arbeid med dyr, er for så vidt ein kjend risiko, inkludert allergisk astma.

Sjølv om risikoen er høg, er utsette arbeidsstader vanskelege å oppdage fordi dei som blir sjuke går til forskjellige fastlegar. Desse medisinerer og rår pasienten til å byte jobb, men gløymer å melde frå til Arbeidstilsynet.

VISSTE DU AT:

Allergi mot forsøksdyr er eit vanleg helseproblem for arbeidstakarar innan medisinsk og farmasøytisk forskning. Årsakssamanhengen er veldokumentert, og det er generelt akseptert at cirka ein tredel av utsette personar kan utvikle allergiske symptom. Dei vanlegaste symptomane er at ein blir tett i nasen, får auge-irritasjon og utslett, og om lag ti prosent av utsette arbeidstakarar får astmasymptom. (Gordon & Preece, Occupational Medicine 2003;53:371-377)

I denne konkrete saka hadde legen hugska melding til Arbeidstilsynet. Det blei sett opp møte med leing, verneombod og bedriftshelsetenesta på staden. Inntrykket Arbeidstilsynet sat igjen med, var manglande fokus på risiko, at det var gjeve feilaktige råd frå innleigd ekspertise, blant anna om val av verneutstyr, samt at arbeidstilhøva truleg var nokså vanlege for dyrestallar generelt i Noreg.

Arbeidstilsynet vurderer no å kontrollere fleire dyrestallar med tanke på formåls-tenleg bruk av andedrettsvern, arbeidsmåtar, innreiing og ventilasjon på grunn av den høge risikoen for allergisk astma på denne typen arbeidsplassar.

MUSKEL- OG SKJELETTPLAGER ETTER ARBEID MED PC I BIL

Arbeidstilsynet fekk melding om ein montør som hadde fått muskel- og skjelettplager som kunne ha årsak i arbeidssituasjonen. Det var ikkje montørarbeidet i seg sjølv som var belastninga, men arbeid med PC i bil. I verksemda får montørane i firmaet ordrane ut på PC, og oppdaterer desse dagleg. Pasienten hadde vore van med å sitje i førarsetet og ha PC-en ved sida av seg i passasjeretet.

Det blei sendt eit brev til verksemda der Arbeidstilsynet bad om tilbakemelding på kva som var gjort eller ville bli gjort for å leggje arbeidssituasjonen til rette og hindre uheldige belastningar.

Bedrifta har no stort fokus på at andre montører ikkje skal komme i den same situasjonen. Dei oppfordrar til å ta i bruk

tilgjengelege lokale ved oppdatering av ordrar, og har kjøpt inn nye stativ som skal monterast mellom førarsete og passasjeretet.

Legen som meldte frå, fekk tilbakemelding frå Arbeidstilsynet om oppfølginga av saka og om at verksemda tok tak i saka på ein god måte. Saka er no avslutta, og mange montører unngår å få tilsvarende muskel- og skjelettplager.

VISSTE DU AT:

Muskel- og skjelettlidningar er dei hyppigaste årsakene til sjukefråvær og uføretrygding i Noreg. Tal frå NAV viser at nærmare 40 prosent av sjukefråværet skriv seg frå muskel- og skjelettplager. (Arbeidsmiljø og Helse, NOA, 2006)

**Innmeldte arbeidsrelaterte sjukdomar i 2007 og 2008 etter diagnosekategori**

Meldingsår	2007	2008
Diagnosekategorinamn		
Forgiftingar og visse andre konsekvensar av ytre årsaker	119	92
Psykiske lidningar og åttferdsforstyringar	64	44
Stressreaksjonar	30	27
Støyskadar	1756	1619
Svangerskap, fødsel og barseltid		1
Svulstar	81	96
Sjukdomar i fordøyingsssystemet	6	1
Sjukdomar i hud og underhud	183	160
Sjukdomar i muskel - skjelettsystemet og bindevev	113	106
Sjukdomar i nervesystemet	51	45
Sjukdomar i sirkulasjonssystemet	33	30
Sjukdomar i urin og kjønnsorgan	2	
Sjukdomar i og rundt auga	7	5
Sjukdomar i andedragssystemet	327	301
Symptom, teikn, unormale kliniske funn og laboratoriefunn	92	105
Visse infeksjonssjukdomar og parasittsjukdomar	9	3
Ytre årsaker til sjukdomar, skadar og dødsfall	1	
Sum	2874	2635

Mange spørsmål om arbeidsmiljø

Arbeidstilsynets svarteneste har fått til saman om lag 100 000 telefonar og e-postar i 2008. Dette er rekord og representerer ein 18 prosent auke på telefon og 13 prosent auke på e-post.



bart på det psykososiale området. Slike saker er ofte langvarige og fastlåste konflikter og utfordringane vert fleire.

FLEIRE TELEFONAR FRÅ ARBEIDSGJEVARAR OG VERNEOMBOD

Svartenesta registrerer at fleire arbeidsgjevarar tar kontakt, sjølv om arbeidstakarar framleis er i fleirtal. Svartenesta har eit klart mål om å rettleie på ein måte som set i gang prosessar som fører til betre arbeidsmiljø i verksemda. Når ein arbeidsgjevar ringjer og er ute etter slike prosessar, er det sannsynleg at fleire i verksemda vil nytte godt av det. Det er også ein auke i talet på telefonar frå verneombod.

Fordelinga mellom menn og kvinner er stabil med ei 50 prosent fordeling. Mot slutten av året vart det likevel observert ei overvekt av menn. Dette kan hengje saman med at finanskrisa særleg har råka den mannsdominerte byggenæringa.

FINANSKRISA

Halvparten av alle telefonane og e-postane som kjem til Svartenesta er av såkalla privatrettsleg karakter. I slike saker har ikkje Arbeidstilsynet mynde til å reagere på eventuelle lovbrøt. Her er oppgåva å rettleie i kva reglar som gjeld. Tema som går att er oppseiing, arbeidsavtalar, framgangsmåte når arbeidstakaren ikkje får utbetalt løn og spørsmål om ferie.

Behovet for generelle svar i arbeidslivet er openbert aukande. Arbeidstilsynets svarteneste hadde 91 866 telefonar og 7295 e-postar i 2008 – mot totalt 84 000 telefonar og e-post om arbeidsmiljøforhold i 2007.

STØRRE AUKE ENN TIDLEGARE

Talet på telefonar og e-postar til svartenesta har sidan oppstarten auka jamt og trutt, men auken i år er større enn han har vore samanlikna med tidlegare år. Ein stor del av auken har truleg rot i finanskrisa og innføringa av ID-kort i bygg og anlegg.

Spørsmåla vert stadig meir kompliserte og samansette. Dette er særleg merk-

ARBEIDSTILSYNETS SVARTENESTE

Arbeidstilsynet har ei eiga svarteneste der fagfolk svarar på spørsmål om blant anna ferie, arbeidstid, oppseiing, ergonomi, kjemisk helsefare, maskinar, trakassering og vernetenesta. Svartenesta har eksistert i om lag 10 år og til saman er det 16 tilsette som svarar på telefonar og e-postar om arbeidsmiljø. Svartenesta er ein del av Direktoratet for arbeidstilsynet og er lokalisert i Bodø.

Tenesta er ope kvardagar mellom kl. 08.00 og 15.45 (Sommartid: kl. 08-15). Prisen frå dei fleste fasttelefonar er 32 øre/min, medan for mobiltelefon gjeld eigne prisar avhengig av abonnement og leverandør.

Du kan også sende generelle spørsmål til svartenesta på e-post. Du vil vanlegvis få svar i løpet av ein til tre arbeidsdagar.

NY FAKTASIDE OM PERMITTERING

I samband med finanskrisa merka Svartenesta ein auke i spørsmål om regelverket knytt til permittering. Det vart difor sett i gang eit arbeid med å få opp dei oftast stilte spørsmåla. Lurer du på kva som er reglane, sjå: www.arbeidstilsynet.no/permittering

STERK AUKE PÅ ARBEIDSTILSYNET.NO

Til saman er det registrert 1,5 millionar besøk og meir enn 14 millionar sidevisningar på arbeidstilsynet.no i 2008, ein auke på om lag 14 prosent samanlikna med 2007. Arbeidstilsynet.no vert og nytta som faktakjelde i mange mediasaker. Når det gjeld registrering av kva for land personar som er inne på nettsidene våre var i, kjem Polen som nummer to etter Noreg. Vi har registrert om lag 42 000 besøk frå polske IP-adresser. Sjå informasjon frå Arbeidstilsynet på polsk: www.arbeidstilsynet.no/pl

Med interesse for det gode arbeidsliv

Seniorinspektør Leif Thorbjørnsen ved Arbeidstilsynet Sør-Noreg har arbeidd i etaten sidan 1997. Grunnlaget blei lagt i 1978 da han tok eksamen artium i norsk.



Tema for stiloppgåva var den nye Arbeidsmiljølova frå 1977. – Eg skreiv om paragraf tolv om organisering av arbeidsmiljøet. Så det låg nok i korta heile tida at eg skulle starta i Arbeidstilsynet, humrar Thorbjørnsen.

– Djupast inne i deg Leif, kvifor er det så inspirerende å jobbe med det psykososiale arbeidsmiljøet?

– Det er mykje krut i det, svarar Leif Thorbjørnsen kjapt.

TRØBBEL MED SJEFEN?

I alt gjorde Arbeidstilsynet 374 tilsyn i verksemdar for å sjå på det psykososiale arbeidsmiljøet eller meir populært sagt: sjå korleis folk har det på jobben. I tillegg blei det gjennomført 2861 tilsyn på tilrettelegging og oppfølging av helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen. Meir enn halvparten av verksemdene Arbeidstilsynet vitja fekk ein eller annan form for reaksjon. Det psykososiale arbeidsmiljøet og tilrettelegging av arbeidsmiljøet vert også i åra framover eit viktig virkefelt for Arbeidstilsynet.

ARBEIDSMILJØLOVA REGULERER

Det er mange paragrafar i arbeidsmiljølova som regulerer korleis arbeidsgjevarar skal organisere arbeidet.

Thorbjørnsen trekkjer fram nokre døme, mellom anna på retningslinene i kapittel to om arbeidstakars deltaking. Dei er viktige. Samstundes er forhold kring vernetenesta sentrale også for korleis arbeidsmiljøet er organisert. Særleg relevante er reglane i kapittel fire og paragraf 4.3. Dei gir arbeidstakarane vern mot vold og truslar, samt trakassering og utilbørleg opptreden. – Vi bruker også forskrifta om helse, miljø og tryggleik (HMT) aktivt slik at verksemdene arbeider målretta for å skape eit godt arbeidsliv, forklarar Thorbjørnsen.

TO SPOR

Tilsyn med det psykososiale arbeidsmiljøet skjer ofte i to ulike «spor». Det eine er styrt av om tilsynet er eit ledd i eit prosjekt sett i verk av Arbeidstilsynet, eller om det er ein førespurnad frå ein arbeidstakar eller ei gruppe av arbeidstakarar. Dette «sporet» er retta mot kva verksemda pleier å gjere ved situasjonar kor det til dømes kan vere fare for liv og helse. Dette er førebyggjande aktivitetar. Det andre «sporet» er sjølvle enkeltstaden. Her kontrollerer vi om arbeidsgjevaren har gjennomført aktivitetar regelverket krev. Erfaringane viser at ei god handtering av enkeltstaden også kan virke preventivt.

«...vi er avhengige av å skape tilstrekkeleg tiltru på kort tid...»

VIKTIG MED TILTRU

Eit tilsyn er eit tilsyn. Når vi gjer tilsyn på det psykososiale arbeidsmiljøet er det ingen forskrifter, her er det lova som gjeld. Ein kan derfor ikkje måle eller observere på same måte som når det fysiske arbeidsmiljøet vert kontrollert. Ved slike tilsyn er vi i større grad avhengige av å snakke med folk. – Og vi er avhengige av å skape tilstrekkeleg tiltru på kort tid slik at sanninga om arbeidsmiljøet kjem fram, seier Thorbjørnsen.

SPØR ETTER GOD PRAKSIS

– Arbeidsgjevarar spør ofte etter eksempel på «god praksis» innanfor område som er aktuelle der og då, forklarar han. Det er også ofte spørsmål om dei privatrettslege delane av arbeidsmiljølova, slik som oppseiing. Begge partar ønskjer ofte ein gjennomgang av saksgangen i arbeidsmiljøspørsmål. Våre tilsyn inneheld alltid eit element av rettleiing i tillegg til kontroll, seier Thorbjørnsen til slutt.

Sjekkar tryggleiken

Heidi Rudshaug, senioringeniør i Arbeidstilsynet, ler godt når ho blir karakterisert som snushane og vaktbikkje. Hennar arbeidsfelt er arbeidsplassar kor det er risiko for å bli utsett for sjukdom og skadar.



Ho bruker meir tid på maskinar, lager og byggjeplassar enn dei fleste av oss. – Kva eit godt arbeidsmiljø er for meg? Gode kollegaer og meningsfulle oppgaver! Ho svarar lynraskt, og kjem fort med meir: – Mest handlar det om menneske, om korleis vi handlar og kvifor vi av og til gjer som vi gjer i ulike situasjonar, seier Rudshaug.

FRÅ APOTEK TIL TILSYN

Heidi Rudshaug byrja i Arbeidstilsynet i august 1999. Ho er utdanna maskin-ingeniør ved Oslo Ingeniørhøgskole. I tillegg har ho ei påbygging i internasjonal handel og marknadsføring og eit masterprogram frå BI i samspel, leiing og organisasjonspsykologi.

– Yrkeskarrieren min starta eg som apotekteknikar på vaktapotek, både før og under maskinstudia. Eg hadde også ein artig jobb i farmasøytisk industri kor eg var med på å utvikle tablettar og å løyse tekniske problem i produksjonen. Eg har også ei spanande røymsle frå shippingverda. Verksemda eg jobba for var agent for ei rekkje internasjonale verft, skipsleverandørar av ymse slag og firma som utførte ulike undervassreparasjonar og vedlikehald, fortel Rudshaug.

LIKER VARIASJON

– Eg liker variasjon mellom ulike arbeidsoppgaver. Målet er å hjelpe arbeidstakarar til ikkje å bli drepne eller skadde på jobben, seier senioringeniøren som har oppgaver som hovudsakeleg vekslar mellom teknisk tryggleik, gransking av ulykker og førebyggjande arbeid.

Eg liker variasjon mellom ulike arbeidsoppgaver

NÅR NOKO SKJER

Haldningar til tryggleik avgjer kva for tryggingstiltak som er vanlege i verksemda. Dei som lar humla suse, bryt arbeidsmiljølova og Arbeidstilsynet må trække til med pålegg.

Under tilsynet må vi finne ut om verksemda har kunnskap og forståing for kva som kan innebere risiko for liv og helse. Verksemda må ha kunnskap om kva som må gjerast når noko uventa og uønskt skjer. Viktige byggjesteinar i det førebyggjande arbeidet er å vere bevisst på kven som har ansvar og korleis ein korrigerer avvik slik at det blir trygt å gjere jobben, seier Rudshaug.

ER DET MOGLEG Å SIKRE SEG MOT ALT?

– Eg skulle gjerne svart ja på det spørsmålet. I nokre bransjar er det altfor mange uønskte hendingar. Her tenkjer eg særleg på transport og lager, bygg og anlegg og andre arbeidsplassar kor tidspresset er stort, seier Rudshaug. Ho presiserer at det i løpet av dei siste tiåra er tatt i bruk langt sikrere arbeidsutstyr og maskinar i arbeidslivet. Dessutan er krava til opplæring, vedlikehald og kontrollrutinar blitt strengare. – Eg meiner vi har henta mykje lærdom frå oljeindustrien. Og eg ser på det som ei klar positiv betring.

FORSTÅ RISIKO

Verksemdene ønskjer kunnskap om gode løysningar. – Vår rettleiing må vere praktisk retta. Difor må vi bruke vår evne til å selje inn våre bodskap på ein måte som gir leiinga i verksemdene, verneomboda og arbeidstakarane ei god forståing av risiko. Det viktigaste vi gjer er å stille spørsmål. Slik får vi ny kunnskap og verksemdene får vist oss kven dei er.

Førebyggjer på teiknebrettet

Kjell-Arne Johansen i Arbeidstilsynet har drive med byggjesakshandsaming i ti år. I 80 prosent av dei sakene han handsama i fjor, bad han entreprenøren om å leggje betre til rette før han gav samtykkje til bygginga.



– Det geniale er at arbeidsplassen ikkje er bygd – det er enkelt og billeg å gjere ting på teiknebrettet. Vi jobbar for å sikre at dei nye arbeidsplassane vert planlagde på ein måte som tar vare på helsa til dei som skal arbeide der, seier Kjell-Arne Johansen.

I snart 50 år har Arbeidstilsynet granska teikningar av nybygg som skal innehalde arbeidsplassar. Føremålet er å sikre eit helsefremjande arbeidsliv.

FØRE VAR

Han er ein av 50 personar i Arbeidstilsynet som går gjennom planløyser for planlagde næringsbygg. Dei siste to åra har dei handsama om lag 4000 byggjesaker i året.

– Vi prøver å få verksemdene til å byggje sunne arbeidsplassar i utgangspunktet, då slepp vi å peike på feil og manglar når bygget er ferdig.

Meir fornuftige løysingar har store samfunnsøkonomiske fortrinn.

Vi prøver å få verksemdene til å byggje sunne arbeidsplassar...

Dei kan vere med på å førebyggje sjukdom og helseskadar som årleg kostar samfunnet milliardsummar.

Alle som byggjer nye hus i Noreg, må få godkjend byggjeplanane hos kommunen. Skal ein byggje hus der det skal vere arbeidsplassar, skal byggjesakspapira ein sving innover Arbeidstilsynet. Johansen seier at kommunen si byggjesakshandsaming mest fokuserer på det estetiske, bygget si høgde, trafikkplanlegging, forureining og støy, at det ikkje er nokre innvendingar frå naboen, og at papira til entreprenøren er godkjend. Arbeidstakarperspektivet vert ikkje vurdert.

INKLUDERANDE ARBEIDSPASSAR

– Det meste vi set fingeren på har med inkluderande arbeidsliv (IA) å gjere. Er det meir enn to etasjar skal det vere heis. Andre tema er at god tilgjenge er viktig, tilstrekkelege ventilasjonsanlegg, vindauge, handikaptoalett, toalett for både menn og kvinner, garderobe og stor nok eteplass. Ergonomiske tilhøve og kjemisk og biologisk helsefare er og tilhøve ein ser på. Det er ein tendens til at det vert teikna minimumsløysingar, og at verksemdene er opptekne av å ha mest mogeleg produktivt areal, seier han.

BYGG MED LANGE LIV

– Om fem år er det kanskje ei anna verksemd i bygget eg godkjenner, og eg må tenkje at bygningane kan leve sitt eige liv i mange år, seier Johansen. Mi målsetjing er å tørre å utvide fokuset til ikkje berre å sjå på standardar, men at entreprenørar og byggherrar har gode prosessar på førehand, og at dei har med andre fagmiljø som hjelper til å kartleggje.

Eit anna tema er universell utforming, det at bygningar og uteareal er tilrettelagde slik at einkvar, uansett funksjonsevne, kan røre seg ute eller inne. Og det betyr ikkje to sett med løysingar, men at ei løysing kan fungere for alle.

På spørsmålet om ikkje aktørane i byggjebansjen sjølv burde vere ansvarlege for å lage planløyser og bygg som er i tråd med HMS-forskriftene svarar han at det hadde vore kjempefint om det fungerte – men det gjer det diverre ikkje. – Det er trong for eit statleg organ som kan stille krav. Det er betre enn å halde på i årevis med å utbetre prosjekterte feil når bygget er reist.

Vellykka haldningsundersøking om arbeidsinnvandring

I januar 2008 gjennomførte Arbeidstilsynet ei spørjeundersøking blant nordmenn om haldningar til utanlandske arbeidstakarar, og til problemstillingar knytte til sosial dumping.

Trass i gode haldningar viste undersøkinga også enkelte faresignal. Framleis er det visse haldningar blant folk som det er viktig å motarbeide for å lykkast i arbeidet mot sosial dumping i Noreg.

– Det store omfanget av arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa gjer det meir nødvendig enn nokon gong å motarbeide sosial dumping og hindre utvikling av eit A- og eit B-lag i arbeidslivet, kommenterte direktør Ingrid Finboe Svendsen i Arbeidstilsynet då undersøkinga blei presentert.

KOLLEGA FRÅ AUST-EUROPA

Undersøkinga viste at det er relativt vanleg å ha ein kollega frå Aust-Europa. Ein av fire sa at det blei nytta aust-europeisk arbeidskraft på deira arbeidsplass. Blant dei som er yrkesaktive, er det seks prosent som seier at dei har opplevd at austeuropearar blir utnytta i den bransjen dei arbeider ved at dei får dårlegare lønns- eller arbeidsvilkår enn nordmenn. Ytterlegare ti prosent mistenkjer at dette skjer. Mens seks

prosent i offentleg sektor anten har opplevd eller mistenkjer at austeuropearar blir utnytta, er det 22 prosent i privat sektor som gjer det. Innan bygg og anlegg er det heile 45 prosent som har opplevd eller mistenkjer at austeuropeisk arbeidskraft blir utnytta.

FORBRUKARMAKT SOM VÅPEN

Åtte av ti i undersøkinga sa dei vil boikotte verksemdar som blir tekne for sosial dumping, og fire av ti seier at dei alt har avstått frå å kjøpe eit produkt eller ei teneste frå aktørar dei mistenkjer for å drive med sosial dumping. Ni av ti gav uttrykk for at nordmenn må gjere meir for å hindre sosial dumping av utanlandsk arbeidskraft.

GODT FOR NORSK ØKONOMI

Åtte av ti sa at dei meiner austeuropeisk arbeidskraft er positivt for norsk økonomi, mens seks av ti meiner vesentleg lågare lønn til austeuropearar fører til auka klasseforskjellar i Noreg. I alt 13 prosent av dei spurde sa at dei hadde brukt austeuropeiske arbeidstakarar privat i

løpet av dei siste fem åra, og 22 prosent seier det kan vere aktuelt å gjere det i løpet av dei neste tolv månadene.

AKSEPT FOR LÅGARE LØNN

Dei som kan tenkje seg å bruke austeuropearar i privat samanheng, meiner i større grad enn andre at det er i orden at austeuropearar tener mindre enn norske arbeidstakarar, og at det er sosialt akseptabelt å gje dei lågare lønn. Undersøkinga gjeld også haldningar til svart arbeid. Blant anna seier åtte av ti at folk flest aksepterer at det blir utført mindre arbeid på hus og hytte mot svart betaling, og seks av ti meiner det er enkelt å få tilgang på utanlandsk arbeidskraft som arbeider svart.

Mens tre av ti opplyser at dei kjenner nokon som bruker utanlandsk arbeidskraft svart, er det berre seks prosent som innrømmer at dei sjølve har gjort det. Dei som har brukt utanlandsk arbeidskraft svart, svarer i større grad enn andre at det er aktuelt å bruke utanlandsk arbeidskraft i private samanhengar dei neste tolv månadene.

Ny ID-kortordning i bygg og anlegg

Første januar 2008 innførte styresmaktene krav om ID-kort for alle som jobbar på byggje- og anleggsplassar, både nordmenn og utlendingar. Etter eitt år har nær 200 000 skaffa seg ID-kort.



ID-kortordninga er eit tiltak som tek sikte på auka seriositet og meir effektiv kontroll med helse, miljø og tryggleik på byggje- og anleggsplassane. For å få ID-kort må verksemda vere lovleg registrert i relevante offentlege register. Det inneber til dømes at verksemda må vere registrert i Brønnøysundregisteret og meirverdiavgiftsmanntalet, at arbeidsgjevaren og arbeidstakarane er melde inn i AA-registeret, at utanlandske verksemdar er melde til SFU og at arbeidstakarane deira har fått tildelt eit D-nummer.

GODT NØGDE

Etter eitt år med ordninga uttrykkjer både partane i bransjen og inspektørane i Arbeidstilsynet at dei er godt nøgde med ordninga. Etter innføringa av ordninga er det blitt enklare å få oversikt over aktørane på byggjeplassane fordi

arbeidsgjevaren står oppført på korta. Det har tidlegare vore eit problem å identifisere den formelle arbeidsgjevaren til arbeidstakarane.

MANGE SPØRSMÅL

Det har vore ei utfordrande oppgåve for dei tilsette i Arbeidstilsynet å handtere det massive informasjonsbehovet rundt sjølve bestillingsordninga. Ikkje minst når det gjeld kravet til registrering i ulike offentlege register har Arbeidstilsynet si svarteneste og callsenteret til Norsik jobba på spreng med å handtere alle spørsmåla og prøvd å formidle vidare førespurnadene til rette instans.

Det er kortutstederfirmaet Oberthur Technologies, tidlegare Norsik, som skriv ut ID-korta. Misoppfatninga om at det er Arbeidstilsynet som skriv ut korta, var utbreidd i starten. Vi erfarer no at dei fleste etter kvart har klart å skilje mellom Arbeidstilsynet og Oberthur Technologies sine roller i ID-kortordninga.

Dei fleste utfordringane vi har støytt på når det gjeld krav til registrering, er løyst, men det står framleis att å finne ei løysing på korleis mellom anna nyttilsette på korte oppdrag skal rekkje å få utskrive ID-kort før sjølve oppdraget er over.

HER FINN DU SVARET

Arbeidstilsynet har utarbeidd svært informative internettsider om ID-kortordninga: www.arbeidstilsynet.no/byggekort. Sidene er stadig blitt oppdaterte gjennom heile 2008. Nettsidene svarar på det meste, og dei er delte opp etter ulike tema: ei side for generell informasjon om ordninga, ei eiga side om bestillingsinformasjon og ei om krav til registrering. Nettsidene er førebels oversette til engelsk og polsk.

GODT KJEND I BRANSJEN

Hovudintrykket vårt er at ID-kortordninga no er godt kjend i bransjen, og at dei fleste verksemdene har sørgt for kort til dei tilsette. Talet på registrerte verksemdar innan byggjenæringa har auka kraftig i løpet av det første året med ID-kort for tilsette. Samtidig har skatteinngangen i bransjen auka sterkt. Dette viser at ordninga har effekt. Mange har likevel trudd at verksemdar som tilbyr tenester i forbrukarmarknaden, ikkje er omfatta av ordninga. Dette er ofte enkeltpersonar som jobbar i private heimar. Men også desse verksemdene skal sørge for ID-kort til seg sjølv og dei tilsette.

Servicesenteret for utenlandske arbeidstakere

Kvardagen er blitt enklere for utenlandske arbeidstakere og arbeidsgjevarer med utenlandske tilsette.

Dei kan gå inn éi dør for å ordne alle papir slik at dei raskt kan komme i gang med arbeid på lovleg vis.



Servicesenteret for utenlandske arbeidstakere er organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom Arbeidstilsynet, politiet, Skatteetaten og UDI. Servicesenteret har sidan etableringa hausten 2007 blitt eit knutepunkt for utenlandske arbeidstakere i Noreg.

FLEST FRÅ POLEN

Over 60 000 personar har besøkt Servicesenteret i 2008. På årsbasis utgjør polakkane 47 prosent av søkjarane. Folk frå Litauen, Tyskland, India og Romania utgjør resten av «topp-fem-lista».

FØREBYGGJER SOSIAL DUMPING

Dei tilsette frå Arbeidstilsynet ved senteret gjev informasjon om rettar og plikter i norsk arbeidsliv. Dei gjev også rettleiing om identitetskort for bygging- og anleggsplassar. Mange har spørsmål om arbeidsavtalen, utbetaling av feriepengar, overtidsbetaling og om permitteringar og oppseiingar. Arbeidstilsynet har hatt ein aukande straum med spørsmål i 2008. Hovudtyngda av spørsmåla er frå tilsette innan bygging- og anleggsbransjen. Deretter er det spørsmål frå tilsette innan reinhald og hotell og restaurant. Spørsmåla handlar i hovudsak om arbeidsavtalar, arbeidstakere som ikkje får skriftleg lønnsoppgåve og arbeidstakere som ikkje får utbetalt lønn. Det har også vore førespurnadar der arbeidsgjevarer har registrert tilsette som sjølvstendige utan at den tilsette har forstått dette. Dei har

skrive under på papir og trudd at dei var vanleg tilsette. Det har også vore førespurnadar frå skadde arbeidstakere som ikkje er blitt informerte om egne rettar av arbeidsgjevarer sin, og desse ulykkene har som regel ikkje blitt melde.

I enkelte tilfelle der arbeidsgjevarer ikkje gjev arbeidstaker lønsslipp og betaler lønn kontant, kontaktar Arbeidstilsynet Skatteetaten for å sjekke ut om det kan vere grunn til mistanke om svart arbeid.

FLEIRE SPØRSMÅL OM OPPSEIINGAR

I november og desember 2008 har Arbeidstilsynet kartlagt talet på spørsmål i samband med permitteringar og oppseiingar i samband med finanskrisa. Det har vore ein viss auke i slike spørsmål på slutten av 2008. Det er også avdekt at det blei kravd ny arbeidsavtale av arbeidstakere som var blitt permitterte frå fast arbeid når dei skulle søkje om fornya arbeidsløyve, dette har dei rette styresmaktene endra på.

– Vi ser stor nytte av at fleire etatar samarbeider. Dette er eit unikt tverrfagleg samarbeid, og vi erfarer at det er særst viktig å tenkje heilskap når det gjeld å påverke og utvikle regelverk. Vi får også gode tilbakemeldingar om at ein på senteret får god service, rask handsaming av innleverte søknader og ei oppleving av mindre byråkrati, seier Lene Hagen som er leiar ved Servicesenteret for utenlandske arbeidstakere i Oslo.



« Vi ser stor nytte av at fleire etatar samarbeider »





Tilrettelegging og oppfølging: Rutinar for oppfølging av sjukmelde

Arbeidstilsynet gjennomførte om lag 2900 tilsyn innanfor temaet inkluderande arbeidsliv i 2008. Dette utgjør 20 prosent av alle tilsyna i etaten. I 1993 av kontrollane var temaet kva arbeidsgjevarar i varehandelen gjer for å førebyggje og følgje opp sjukefråvær.

Rundt 74 prosent av tilsyna resulterte i ein eller fleire reaksjonar. I snitt blei det gjeve tre påleggspunkt per besøk, og dette viser at val av bransje og tema har vore rett. Storparten av reaksjonane blei gjevne fordi rutinar for å følgje opp sjukefråvær mangla. Like eins var det mange som ikkje hadde ei verneombudsordning.

– Talet på reaksjonar er høgt. Det viser at mange verksemder framleis ikkje har etablert dei lovpålagte rutinane for sjukefråværsoppfølging og at arbeidet med systematisk helse- miljø og tryggleik ikkje har høg nok prioritet, kommenterer direktør i Arbeidstilsynet, Ingrid Finboe Svendsen.

GODT ARBEID I KJEDENE

Trass i for mange pålegg ser Arbeidstilsynet at dei store kjedene nå jobbar meir systematisk med sjukefråværsarbeid.

– Det er positivt at fleire av dei store kjedene har fått på plass rutinar for oppfølging av sjukefråvær. Fleire har mellom anna satt i verk sentral

ROLLEN TIL ARBEIDSTILSYNET SOM IA-AKTØR

Arbeidstilsynet har som mål gjennom tilsyns- og rettleiingsarbeid å hjelpe til med å omforme IA-avtalens forsterka arbeidsmiljøfokus til praktiske tiltak ute i verksemdene. Arbeidet er forankra i målet om å redusere sjukefråværet, auke avgangsalderen i arbeidslivet og sikre rekrutteringa av personar med nedsett funksjonsevne.

opplæring på landsbasis. Vi er nøgde med at kjedene tek ansvar og gjer sitt til å spreie kunnskapen, seier Finboe Svendsen.

Arbeidstilsynet har gjennom IA-satsinga vore med på å auke kompetansen og kunnskapen om intensjonen bak IA-avtalen hos verksemder og tilsette. Dette gjeld særleg krava i arbeidsmiljølova om tilrettelegging og oppfølging av sjukmelde. Fleire verksemder har også fatta interesse for og inngått IA-avtale etter tilsynet.

I 2008 utarbeidde Arbeidstilsynet eit nytt faktaark om tilretteleggingsplikta til arbeidsgjevararen. Dette blei trykt opp i over 5000 eksemplar og blei svært godt teke imot. Faktaarket gjev arbeidsgjevarar og tilsette eit kortfatta oversyn over kva tilretteleggingsplikta er, kva som vert kravd av arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, kva plikta omfattar, eksempel på ulike former for tilrettelegging samt oversikt over kven som kan hjelpe til i tilretteleggingsarbeidet på arbeidsplassen. Arka er brukte i rettleiingsarbeidet og er delte ut til verksemdene via tilsyn, men også til bedriftshelsetenester og NAV.



EKSEMPEL PÅ PRAKTISKE RESULTAT FRÅ TILSYN:

- Eit transportfirma seier at dei etter tilsyn har fått kunnskap om at HMT må vere ein del av den daglege drifta. Dei satsar på moderne materiell og bilpark for å gjere arbeidet lettare for dei tilsette. Dei har oppnådd helsevinst ved å gå over frå manuelt til automatisk girsystem i bilane som vert brukte i langtransport.
- Etter tilsyn vurderte ei renovasjonsverksemd biologisk helsefare. Det førte til at dei innførte strengare forholdsreglar mot smitte.
- Tilsynsbesøk og pålegg i enkeltverksemder har også gitt ringverknader. Ei verksemd fekk varsel om pålegg om kartlegging og risikovurdering

av det fysiske arbeidsmiljøet. I tilbakemeldinga til Arbeidstilsynet bad dei om å få utsett tid for gjennomføring. Dei viser til at «det er eit ønske sentralt frå kjeda å standardisere kartleggingsskjemaet og risikoforskjemaet med relevant innhald for alle butikkar i kjeda».

FORPROSJEKT I SKOLESEKTOREN

Arbeidstilsynet gjennomførte i 2008 eit forprosjekt retta mot skolesektoren som del av IA-satsinga. Sjukefråværsoppfølging og systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid med særleg vekt på psykososiale og organisatoriske arbeidsmiljøutfordringar, var tema for ti pilottilsyn. Resultata frå tilsyna avdekte mellom anna stor arbeidsbelastning, hyppige omstillings- og endringsprosessar og høgt konfliktnivå. Andre undersøkingar viser også at dårlig vedlikehald fører til store inneklimaproblem som verkar inn på helse og arbeidsevne. Dette gav grunnlag for ei stor nasjonal tilsynssatsing som skal gjennomførast i 2009 og 2010.

Rettleiingsprosjektet 3-2-1 Saman for eit godt arbeidsmiljø



3-2-1 Saman for eit godt arbeidsmiljø er eit nyskapande samarbeidsprosjekt mellom Arbeidstilsynet, NAV og organisasjonane i arbeidslivet. Dei tre partane skal som likeverdige aktørar bli samde om utfordringar, mål og tiltak som skal prøvast ut i to bransjar. Målet er å betre arbeidsmiljøet, redusere sjukefråværet og utsetje pensjoneringsalderen. I prosjektet som varer i perioden 2008–2010 skal Arbeidstilsynet ikkje føre ordinære tilsyn.

Her skal etaten saman med NAV rettleie og gje råd til dei utvalde bransjane i kjøtt- og fjørfeindustrien og i sjukeheimane. Her vil etaten prøve ut tiltak og verkemiddel. Organisasjonane skal støtte verksemdene i desse prosessane.

– Siktemålet med prosjektet er mellom anna å få gjort synleg utfordringar i arbeidskvardagen på sjukeheimar og i kjøtt- og fjørfeverksemder. Begge bransjane har satt seg mål for prosjektperioden og dette dannar rammer for dei tiltaka verksemdene vel å setje i verk, seier Kristin Vindsetmo, prosjektleiar i Arbeidstilsynet.

RETLEING I VERKSEMDENE

I det første møtet med verksemdene i 2008 gjekk rådgjevarane frå Arbeidstilsynet og NAV gjennom helse- miljø og tryggleikssystema og sjukefråværsrutinane. Prosjektet gjennomførte også ei såkalla nullpunktsmåling om arbeidsmiljøtilstanden. Denne blir, i tillegg til resultatata frå gjennomgangen av helse- miljø og tryggleikssystemet, brukt som utgangspunkt for prosessane og tiltaka som skal prøvast ut i 2009.

– Vitjingane i verksemdene har vore prega av entusiasme, forventning og eit ønskje om å ta tak og jobbe. Vi ser fram til å forsette arbeidet i 2009, seier prosjektleiaren.

Heile 32 pilotverksemder er rekruttert til prosjektet, ti verksemder frå kjøtt- og fjørfeindustrien og 22 verksemder frå sjukeheimssektoren.



Vitjingane i verksemdene har vore prega av entusiasme, forventning og eit ønskje om å ta tak og jobbe

Unge arbeidstakarar oftare utsette for arbeidsulykker

Eit skaderegistreringsprosjekt som Arbeidstilsynet gjennomførte i 2008 i samarbeid med akuttmottaket på St. Olavs Hospital og Trondheim kommunale legevakt, viste at unge arbeidstakarar under 25 år er meir utsette for arbeidsulykker enn sine eldre kollegaer.



bransjen tenkjer om forholda og årsaks-samanhengane rundt ulykkesskaden. – Hovudformålet med prosjektet er å identifisere trekk ved ulykka, som kan brukast i arbeidet med førebygging av arbeidsulykker. Det kan vere illustrerande eksempel til bruk i vidaregåande opplæring og overfor nyttilsette, eller å identifisere forhold knytte til arbeidsutstyr som vernebriller. Informasjonen om desse ulykkene gjev viktig kunnskap for å førebyggje andre arbeidsulykker, seier Stian Rosenberg Søvik, rådgjevar i Arbeidstilsynet.

INTERVJUA DEI SKADDE

Ein intervjustudie av dei unge arbeidstakarane som var blitt utsette for ei arbeidsulykke, blei også gjort. – Pasientane meinte ofte at årsaka til skaden var deira eigen feil, og at ulykka kunne ha vore unngått ved at dei sjølve hadde gjort arbeidsoppgåva annleis. Sjeldan blei det nemnt at det burde ha vore gjort noko med HMS-systemet. Det blei også sjeldan sagt noko om feil med arbeidsutstyret når slikt utstyr var ein del av sjølve hendinga. Funna våre tilseier at dei unge arbeidstakarane har ei ufullstendig forståing av risikoforholda, seier Rosenberg Søvik.

Eit stort tal ulykker er knytte til framandlekam på auget. I mange tilfelle opplyste arbeidstakaren at det ikkje var mogleg å bruke vernebriller for den aktuelle arbeidsoppgåva. Mange sa også at dei vernebrillene ein hadde tilgjengelege, ikkje var tilpassa oppgåva, eller at det ikkje var krav om å bruke vernebriller.

– Ut frå prosjektet ser vi behov for betre opplæring i bruk og val av vernebriller. Verksemdene bør ha eit godt utval av vernebriller for dei tilsette, og dei må skaffe vernebriller som er tilpassa dei arbeidsoppgåvene som blir gjort i verksemda. Det kan også tenkjast at ei endring i sjølve utforminga av vernebrillene er formålstenleg.

TILSYNSAKSJON RETTA MOT YNGRE ARBEIDSTAKARAR

I sommar gjennomførte Arbeidstilsynet Vestlandet nærmare 360 tilsyn. Funn avdekte blant anna at kvar femte unge arbeidstakar mangla skriftleg arbeidsavtale. Til saman resulterte omlag to av tre tilsyn i eitt eller fleire pålegg frå Arbeidstilsynet. Fokus for tilsyna var skriftlege arbeidsavtalar, innhaldet i avtalane og opplæring.

« Funna våre tilseier at dei unge arbeidstakarane har ei ufullstendig forståing av risikoforholda

Bot på ein million kroner for bruk av overtid

Oslo politidistrikt har gitt ei bot på ein million kroner til eit norsk revisjonsfirma for brot på overtidsreglane i arbeidsmiljølova.

– Arbeidstilsynet er særns nøgd med at politi- og påtalemyndigheitene no tar brot på arbeidsmiljølovas reglar om overtid så alvorleg som nivået på bota tilseier. Vi tar dette som eit signal om kva vi vidare kan forvente av bøtenivå i liknande saker, seier Ørnulf Halmrast, regiondirektør for Arbeidstilsynet Oslo. Han understreker at bota ikkje er vedtatt av revisjonsselskapet.

Bakgrunnen for politimeldinga er funn gjorde ved Arbeidstilsynets tilsyn i den aktuelle verksemda. Funna er basert på stikkprøver i ei tilfeldig utvald avdeling. Fleire tilsette har over ein lengre periode jobba over 60 timar per veke i gjennomsnitt, og i nokre veker mellom 80–90 timar. I dei lengste vekene vil det seie 30 timar meir enn lova tillet.

GROVE BROT PÅ OVERTIDSREGLANE

Funn knytta til ei gruppe medarbeidarar viste etter vurderinga til Arbeidstilsynet så grove brot på overtidsreglane at verksemda vart meldt til politiet.

Tilsynet påviste elles brot på arbeidstidsreglane for to av tre tilsette. Desse forholda er følgde opp med pålegg.

Verksemda har klaga på pålegg om å gjere ei individuell vurdering av om vilkåra er til stades for å unnta den einskilde medarbeidaren frå arbeidstidsreglane av di dei har leiande stillingar eller særleg uavhengige stillingar. Dei har også klaga på pålegg om å etablere eit system for timeregistrering som sikrar at all den tida som arbeidstakaren står til disposisjon for arbeidstid i samsvar med arbeidsmiljølova.

FLEIRE TILSYN

Grensene for arbeidstid og overtid i arbeidsmiljølova er vernereglar som skal verne tilsette mot å jobbe så mykje at det går ut over helse.

Arbeidstilsynet trur ikkje at tilsette i revisjonsbransjen er åleine om å oppleve periodevis særns lange arbeidsdagar og utstrekt bruk av overtid. Arbeidstilsynet Oslo kjem difor til å følgje opp med tilsyn med overtidsbruken i konsulent- og rådgjevingbransjen, og på advokatkontor i 2009.

BAKGRUNN FOR TILSYNET

Tilsynet som førte til politimelding og bot, er eitt av fleire tilsyn i utvalde revisjonsverksemdar i Oslo i 2008. Bakgrunnen for desse tilsyna var ein generell mistanke om utstrekt bruk av overtid i revisjonsbransjen.

Arbeidstilsynet har fått stadfesta den generelle mistanken om utstrekt overtidsbruk. Våre funn i alle revisjonsverksemdene syner gjennomgåande brot på arbeidsmiljølovas reglar om arbeidstid og overtid.

ARBEIDSMILJØLOVAS VERNEREGLAR

Grensene for arbeidstid, overtid og arbeidsfri i arbeidsmiljølova, byggjer på arbeidsmedisinsk kunnskap om behov for regelmessig søvn, kvile, restitusjon og sosial kontakt. Arbeidsgjevaren kan berre nytte overtid når det oppstår eit særleg og tidsavgrensa behov. Arbeidsgjevar har plikt til å ha ein oversikt over kor mykje den einskilde har arbeid.

HAR FØRT TIL ENDRINGAR

Ernst & Young har påklaga pålegga frå Arbeidstilsynet. Klagesakene vert no handsama av Direktoratet for arbeidstilsynet.

Tilsynet i revisjonsbransjen har hjulpet til med å setje i gang prosessar både internt i bransjen, og i bransjer med liknande forhold knytta til organisering av arbeidstid og overtid. I tillegg har det vore stor medieinteresse i saka. Arbeidstilsynet Oslo følgjer i 2009 opp med tilsyn på same tema i advokatbransjen, noko som allereie har sett i gang prosessar internt i bransjen. Dette tilsynet vert også følgd med stor interesse i media.

OM OVERTID

Arbeid ut over arbeidsmiljølova sine grenser for alminneleg arbeidstid er overtidsarbeid.

Lovas grenser for alminneleg arbeidstid er:

- 9 timar i løpet av 24 timar
- 40 timar i løpet av sju dagar

Les meir om overtidsreglane på: arbeidstilsynet.no/overtid

Vi tar dette som eit signal om kva vi vidare kan forvente av bøtenivå i liknande saker

Dystre tal på arbeids-skadedødsfall i 2008

I 2008 omkom 52 personar i arbeidsulykker i Noreg. Ikkje sidan 2000 har talet vore høgare. Flest dødsulykker er registrerte innan jord- og skogbruksnæringa, som har hatt ei tredobling i talet på ulykker samanlikna med 2006 og 2007.



Arbeidsulykker skal og kan førebyggjast, og ulykkesførebygging er ei oppgåve som må takast på alvor. Flest forulykka finn ein i aldersgruppa 40–54 år, og 50 av dei omkomne var menn. Heile 17 av dødsulykkene er registrerte av Arbeidstilsynet Vestlandet, som omfattar fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Totalt hadde 10 forulykka anna statsborgarskap enn norsk.

AUKA INNSATS MOT LANDBRUKSNÆRINGA


Fordi tala er spesielt høge innan jord- og skogbruksnæringa, vil Arbeidstilsynet auke talet på tilsyn i denne næringa. I 2008 har Arbeidstilsynet gjennomført 481 tilsynsbesøk, og planlegg dobbelt så mange i 2009. Ein gjennomgang av dødsulykkene i jord- og skogbruksnæringa sidan 2000 viser at dei fleste ulykkene skjer i sommarmånadene. Gardsbruk er i stor grad enkeltmannsføretak, og det kan vere ein samanheng mellom travle tider på året og ulykker. Dette viser at næringa må arbeide meir med å handtere utfordringane i travle periodar på ein trygg måte.

UTVIKLINGA I ENKELTE NÆRINGAR

Andre næringar som tradisjonelt peikar seg ut i statistikken, er industri, bygg og anlegg, samt transport og kommunikasjon, men ingen av desse når opp mot landbruket – heller ikkje når ein ser talet på dødsfall opp mot talet på sysselsette i dei enkelte næringane. I 2008 blei det registrert ti dødsulykker i industrien, sju i bygg- og anleggsnæringa og åtte dødsfall innan transport og kommunikasjon.

FLEIRE ÅRSAKER TIL ULYKKENE

Årsakene til dødsfalla heng i hovudsak saman med at personar er klemde eller fanga i samband med arbeid med eller ved større maskinar og kjørety, samt støyt eller treff av gjenstandar. Fall går også ofte igjen som årsak til dødsulykkene. Fem arbeidstakarar har omkomme som følgje av arbeidsrelaterte trafikkulykker. I åtte ulykker har traktor, og i fire tilfelle arbeid med truck, vore knytte til ulykka. Det er også registrert tre drukningsulykker i 2008.



OVERSIKT OVER ÅRSAKER TIL DØDSULYKKER 2008

N.kode	Hovednæring, navn:	Type ulykke:	Typekode:													Total
			1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	
			Støt/treff av gjenstand	Sammenstøt/påkjørsel	Velt	Klemt/fanget	Fall	Stukket/kuttet av skarp/spiss gjenstand	Elektrisk spenning	Høy/lav temperatur	Kjemikalier	Eksplisjon, sprenging, brann	Trusler om vold	Påført voldsskade	Annet *	
A	Jord- og skogbruk		1	1	1	6	1								2	12
B	Fiske														1	1
C	Bergverksdrift og utvinning											2			1	3
D	Industri		4	1		3							1	1	10	
E	Kraftforsyning					1									1	
F	Bygge- og anleggsvirksomhet		3				2		1						1	7
G	Varehandel, rep. av kjøretøyer og husholdningsapparat					1									1	2
H	Hotell- og restaurantvirksomhet															0
I	Transport og kommunikasjon					1	1								6	8
J	Finansiell tjenesteyting og forsikring															0
K	Eiendomsdrift, forr.messig tj.yting og utl.virksomhet			1			1									2
L	Offentlig forvaltning														1	1
M	Undervisning															0
N	Helse- og sosialtjenester		1													1
O	Andre sosiale og personlige tjenester					1	1								2	4
P	Lønnet husarbeid															0
U	Udefinert															0
	Total		9	3	1	13	6	0	1	0	0	2	0	1	16	52

* «Annet» er trafikulykke (8), drukning (3), kvelning (2), dykking (1), stanget av storfe (1), traktorvelt (1)

Næringskode (NACE)

Arbeidsskadedødsfall 2006-2008 etter næringsområde

	2006	2007	2008
A JORDBRUK OG SKOGBRUK	4	4	12
B FISKE		1	1
CA UTVINNING AV ENERGIÅSTOFFER		1	3
CB ANNEN BERGVERKSDRIFT OG UTVINNING		1	
DA PRODUKSJON AV NÆRINGS- OG NYTELSESMIDLER		1	1
DB PRODUKSJON AV TEKSTIL- OG BEKLEDNINGSVARER		1	
DC PRODUKSJON AV LÆR OG LÆRVARER			
DD PRODUKSJON AV TREVARER	1		1
DE TREFOREDNING, GRAFISK PRODUKSJON OG FORLAGSVIRKSOMHET			1
DF PRODUKSJON AV KULL- OG PETROLEUMSPRODUKTER			
DG PRODUKSJON AV KJEMIKALIER OG KJEMISKE PRODUKTER	1		
DH PRODUKSJON AV GUMMI- OG PLASTPRODUKTER			
DI PRODUKSJON AV ANDRE IKKE-METALLHOLDIGE MINERALPRODUKTER	1	1	1
DJ PRODUKSJON AV METALLER OG METALLVARER	2	1	4
DK PRODUKSJON AV MASKINER OG UTSTYR		2	1
DL PRODUKSJON AV ELEKTRISKE OG OPTISKE PRODUKTER		2	
DM PRODUKSJON AV TRANSPORTMIDLER			1
DN ANNEN INDUSTRIPRODUKSJON			
E KRAFT- OG VANNFORSYNING	1		1
F BYGGE- OG ANLEGGSVIRKSOMHET	8	5	7
G VAREHANDEL, REPARASJON AV KJØRETØYER OG HUSHOLDNINGSAPPARATER	2	1	2
H HOTELL- OG RESTAURANTVIRKSOMHET	1		
I TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON	3	9	8
J FINANSIELL TJENESTEYTING OG FORSIKRING			
K EIENDOMSDRIFT, FORRETNINGSMESSIG TJENESTEYTING OG UTELEIEVIRKSOMHET	5	3	2
L OFFENTLIG FORVALTNING		4	1
M UNDERVISNING			
N HELSE- OG SOSIALTJENESTER	2	1	1
O ANDRE SOSIALE OG PERSONLIGE TJENESTER			4
P LØNNET HUSARBEID			
Q INTERNASJONALE ORGANER OG ORGANISASJONER			
U UDEFINERT			
I ALT	31	38	52

* Data pr 16.02.2009 Skader registreres fortløpende, og registrering for 2008 pågår fremdeles



Om Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet er ein statleg etat som høyrer inn under Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Oppgåva til etaten er å føre tilsyn med at verksemdene følgjer krava i arbeidsmiljølova. Arbeidstilsynet har også oppgåver i høve til andre lover, der ferielova og delar av tobakkskade-lova er dei viktigaste. I tillegg har Arbeidstilsynet tilsyn med læringsmiljøet til studentar ved universitet og høgskular. Utlendingslova og almenngjæringslova

gjev Arbeidstilsynet ansvar og rett til å føre tilsyn med løns- og arbeidsvilkår for utanlandske arbeidstakarar.

Arbeidstilsynet har 557 tilsette. Etaten skal føre tilsyn med at om lag 240 000 verksemdar følgjer krava i arbeidsmiljølova og tilhørande regelverk. Arbeidstilsynet er bygd opp av ei overordna eining, Direktoratet for arbeidstilsynet og sju regionar med underliggjande

tilsynskontor spreidde over heile landet. Direktoratet ligg i Trondheim.

Direktoratet styrer den overordna strategien til etaten, utarbeider planar og har ansvar for kommunikasjonen med sentrale samarbeidspartnarar. Lokal rettleiing, informasjon og tilsyn med den einiskilde verksemda tek regions- og tilsynskontora seg av.

Informasjon og rettleiing

NETT, SVARTENESTE OG INFOBROSJYRAR

I 2008 hadde arbeidstilsynet.no 1,5 millionar besøk, og vart dessutan brukt som faktakjelde i mange medie-saker. Nyhendebrevet vart sendt ut til omlag 9000 abonnentar kvar veke. Det vart laga nye faktasider om personløft, utanlandsk arbeidskraft i landbruket, endringsoppseiing, permittering og identitetskort i byggje- og anleggsnæringa.

Arbeidstilsynet registrerte også i 2008 ein sterk auke frå polske IP-adresser med om lag 42 000 besøk i 2008.

Arbeidstilsynet jobbar kontinuerleg med å sjå telefonar til svartenesta i samanheng med nettsidene som i større grad skal kunne avlaste svartenesta. Svartenesta til Arbeidstilsynet spelar ein sentral rolle som ekstern kunnskapsformidlar og tok i mot totalt 93 380 telefonar og e-post om arbeidsmiljøforhold i 2008.

Arbeidstilsynet har via forlaget Gyldendal sendt ut om lag 86 000 publikasjonar til sjølvkost. I tillegg kjem gratispublikasjonane og publikasjonane som vert delte ut på tilsyn og frå region- og tilsynskontora.

KUNNSKAPSFORMIDLING OG PREMISSGJEVING I MEDIA

Mykje av kunnskapsformidlinga skjer også gjennom mediearbeid. Om lag 9000 presseklipp frå norske nettmedium syner at Arbeidstilsynet er ein etat som gjer mykje av seg i det norske samfunnet. Artiklar frå fagbladet Arbeidervern er formidla til ulike medium og det har resultert i mange større oppslag.



Design: Scanpartner
Trykk: Trykkpartner Lade
Foto: Benedikte Skarvik, Jun Witzøe,
Kari Schøyen, Kaare Domaas, Colourbox.no
Opplag: 1500

ISBN 978-82-90112-38-2



Arbeidstilsynet

www.arbeidstilsynet.no